

Andreas O. Agdestein

(29 mars 1880 – 12 september 1948)

Nokre minneord av Severin Eskeland

Ein ruskeversdag i september fekk eg oppringjing frå Vatna, med helsing frå Andreas Agdestein um eg vilde koma der ut; han vilde gjerna tala med meg. Det var sonen som bar fram helsingi, og han la til at eg måtte inkje drygja lenge, for det var kje visst kor lenge han hadde att. Eg vart dått med, for det kom so snipleg.

Eg hadde frett at han var sjuk, men berre for nokre dagar sidan, og hade ikkje nokon tanke um at det var noko sers som stod på. Eg skunda meg av stad, og fann han i korlega, men inkje værre faren anna me kunde talast ved som vanleg. Eg fekk då vita at han hadde hengla lenge. Dei siste par åri hadde han gjenge med eit sog for brystet, og jamnaste hadde det vore skralt med mathugen. Han hadde vore til lækjar både her og i byen; men dei hadde ikkje funne noko sers mein; fyrr sist vår eller sumar.

Då hadde han lagt seg inn på sjukehus, og der kom dei etter med at det var kreft, og hadde jamvel freista med ein operasjon. Men det munde vera for langt kome med sjukdomen. Sidan han kom heim, hadde han veslast for kvar tid, og no var han budd til å fara kva dag som helst. Han var vel nøgd med det, og hadde berre eitt å vona på: at han måtte sleppa altfor mykje vondt. Til dessa hadde det vore tollegt med verk; men han grua for kva det kunde verta til, han kom i hug kor vondt ho hadde havt det, kona, fyrr ho slapp, - ho døydde av same sjukdomen, for ikkje so mange år sidan.

Me takka kvarandre for godt lag heilt frå barneåri, og bad vel fara. Men eg lova at eg vilde lydast um han, og det snart, so framt inkje noko skulde henda brådare enn det såg ut til nett då. Inkje hadde han nemnande vondt, Og i godt lag var han, so til. Det meste som uroa meg, var at han var so utmagra. Skrinn hadde han vore lenge; men no var han radt avpitla.

Det var siste samvera. Same natti eller dagen etterpå sette det vonde åt han med hardare åtak, og nokre dagar etterpå slokna han, den 12 september.

Andreas Agdestein var eit godmenne og gjekk tolleg og stillferdsleg gjennom livet. Han kom visst sanninga nær, Ola Vatna han sa i gravferds-laget: «Det stod aldri noko vondt av Andreas'en, og ingen har hatt årsak til å klaga på han». Difor trur eg ikkje han hadde ein einaste uven. Men han hadde vel ikkje nett so mange som han vilde kalla vener heller. Han var ein einsleg mann og gjekk mykje åleine med sine draumar. For ein drøymar var han; litt utanfyr og lite for seg i livsens kappstrid, og serleg der kappstriden galdt gods og denne verdens gode, men han åtte sin eigen rikedom; dei kjenslor og stemningar som han stendigt henta inn gjennom sin vare sans for det som kan tala til mannahugen og få hjarta til å dulpa med sterkare slag. Difor var han so glad i morsmålet; i det fann han dei tonar som svara til livsens skiftande spel. Det var mykkje gjennom dei tonane han hadde lydt på dette spelet, hugteken. Difor hadde han lagt kvart ord og kvar ordnott so vel på minne. Av deim som hev levt i vår tid er det få som hev kunna stordamålet so godt som han, og endå færre som hev havt so godt vit på det og skyna seg på kva det er for ein kosteleg skatt å eiga.

Det hende inkje so sjeldan at eg hadde ærend til han med spursmål om ord eller former eller eitkvart som heng i hop med mål og målbruk. Og det var sjeldan eg gjekk tomhendt frå samrøda.

Sjølv slepte han inkje tråden um me hadde sagt farvel i telefonen og ringt av etter ein sovoren samtale, anna han tenkte og grunda medan han gjekk i arbeidet sitt, drog seg til minnes ord og ordtak som anten høvde til det han var spurt um eller krinsa ikring det. Og so kunde det henda at han kom laggande, eins ærend og sjølvbeden, lika til Rommetveit, med eit ord eller ei herma

eller ein liten segnstubb som han hadde kome i huga. Og når han då skyna, som han alltid gjorde, kor eg totte mun i det som han kom med, då var det sjåande at han var fege, - det lyste upp i andletet på han.

På botnen var han lag-kjær. Men enda var han lite «med». Sjeldan gjekk han på eit møte, og inkje la han seg fram i spursmål um stell og styre i bygdi. I offentlege tillitsyrke kom han då heller ikkje lenger enn til medlemskap i likningsnemnd og fatigstyre, um han rakk so langt. Inkje såg du han ofte på festar heller, eller i noko slag og lika. Noko stakk det i blygskapens hans – og den var stor – og noko i det, trur eg, at han var ein sers sårnæm mann, og kjende seg alltid litt «annleis» enn hitt folket, og difor einsam midt i folkafjøliden. Uppeldet på ein avsides gard gjorde vel sitt, eller kanskje det meste, med di han frå barnsbein hadde vant seg til einsemd, han var ikkje so snuen og ferdig til å ta fat som dei meir folkavane og praktiske, og kjende lett eit augnastikk i ryggen. Hev fyrst ein einsleg og sårnæm natur hudrasa seg på sine medmenneske – og kven hev ikkje det gjort? So kjenner han sovorene stikk både i rygg og sidor, anten dei er der eller dei inkje er der. – Men kom han i lag med folk, soleis at han kjende seg heimatrygg, då var han glad so det synte utanpå, og takksam for lite.

Difor gjekk det soleis med meg då me skildest siste gongen, at eg trega sårt at eg inkje oftare hadde sendt bod etter han eller søkt samlag med han og gjeve han noko meir gleda, - i sinare år som i barndomstid; for då var me ofte i lag og dei beste vener, næskylde som me var på baa sidor.

Eg tenkjer dei kjende noko av den same angeren, dei fleste som rekna seg for vener av han, då dei spurde døyande. Me starvar kvar med sitt, og er so upptekne med tusund kvar dags småkrav, at me altfor mykje gløymer det som skulde høyra til dei store fyrelogor: å vera gode med kvarandre. Eller rettare: me «hev ikkje tid» til det store for dei mange småkrav.

Siste gongen eg såg han, fortalde han at han hadde fenge eit brev frå Oslo her i sumar var, frå universitetsbibliotekar W. Sommerfeldt, og visste eg kva han vilde?

Når sant skal segjast, visste eg noko um det; men det let eg meg ikkje merka ved, for eg hørde på mælet at han gjorde seg godt av dette, og eg vilde han skulde fortelja um det sjølv. Jau, han bad um opplysningar um han! – um Andreas Agdestein! - «d'æ no mongt di kan fidna på og!»- «Ja, du svara vel?» vilde eg vita. Ja visst svara han, på det han var spurd um. Det var no ikkje større stasen å fortelja, so det var snart gjort. Men kva dei vilde med det, skyna ikkje han.

Eg sa det var for di han hadde skrive ei bok som namnet og minnet hans var fest til, «I Sudrage». Det var synd han inkje hadde skrive meir, so vent og godt mål som han skreiv.

- Ja, han åtta eg hadde sagt noko slikt, i eit eller anna blad, då boki kom ut. Og sume andre hadde og låte vel, sers yver målet. Det hadde gjort godt. Og det var so mangt han hadde hug til å skriva. Men det vart so stokkute stunder til å bala med slik, at han fekk det aldri til soleis som han vilde ha det.

Eg spurde korleis han fekk boki ut. Jau det var Erik Gunnleikson i Risør som tok henne på forlag i 1913, - «han var visst ikkje so vand på det». Men forfattaren kost boki sjølv, og fekk lita att – i pengar. Men han fekk ei heil vøla med bøker – godt som heile upplaget – då det leid an nokre år og «forlaget» hadde gjort buslit. Han hadde flere kistor fulle med «Sudrag» radt til krigen kom. - «Men då kjøpte no folk alt lag», og so vart han av med «Sudrage» og. Kipa etter kipa med bøker bar han ned på Vikjo, og dei gjekk som varme kveiteboller. Og no fanst det ikkje ei att i huset.

Ei bok til hev an gjeve ut, noko tidlegare enn «I Sudrage». «Skuggar» heitte ho, og gjekk fyrst i bladet «Unglyden», sidan kom ho ut i bok. Men den hev eg knapt set, og handelen hev ho visst ikkje vore på aldri den tid.

«I Sudrage» fortel han um Svale Sviland. Han blev teke ættargarden i arv etter foreldri, som er avlidne. Men han hev berre gamla besto å stø seg til, og garden er nedtyngd i skuld, so byrdi vert tung for deim. Han strevar og slit nokre år, men han er ein drøymar, og det gjeng helst vandavegen med gardsdrifti. Han lyt gjeva upp garden, men tek ut på

langferd – til sjøss; han vil vinna seg rikdom og koma heim att som bas, taka att garden og gifta seg med den gjenta som hev ått hugen hans frå barneåri. Visst er ho dotter til Teodor Aas, og han eig ein fabrikk og hev arbeidt seg upp til en storbauve i bygd; men han han ein fokeleg og greid kar, og bonde fødd og halen, so Sigvor «var ikkje broti or høgare berget enn han sjølv var», og «det var sant det gamle ordet at bonde treivst millom bønder best». «Med henne kunde han snakka um kva som helst. Ho skyna han alltid so godt. Og henne skulde det verta».

Nett på den tidi såg det ikkje på det ljosaste ut i kjærleiksvegen. Ho hade kome noko på avveg medan ho var i byen på skule, og hadde tulla seg burti ein farre som sidan synte seg å vera reine farken. Ho sa nei til Svale då han tok seg mannskap til og bar upp måemnet, men ho gjorde det tydelegvis med tungt hjarta. Inkje var han likare faren han heller: i ørska etter avslaget hadde han slyсна burt i ei bygjenta som «låg på landet» um sumrane og lagt sine garn ut etter han, fyrst i kjæta og på gøy, sidan på rame ålvoret.

Han ligg og rek «i sudrage» ei tid og kan inkje få fastetak på nokon kant. Men so tek draumane han. Alt skal vel jamna seg, og lukka snu rettsida til, når han kjem heim frå langferd og alle stend og ser etter han og gissar på kven denne basen er, og dei so fær vita at det Svale Sviland, han som for ut for nokre år sidan både snipp og snaud, snytt både for gard og gjenta! –

Rikdomen låg inkje og venta på han, anna vās og møda av mange slag, på sjø og land. Men gjentene venta på han, ikkje ei, men tvo. Sigvor Aas reiste til London etter han, og jamvel ha fare radt til Transvaal; for i London frette ho at han hadde hyrt seg til soldat i burekrigen. Ho kom ikkje lenger; for ho døyde av tyfus. Då var han på heimveg. Fyrst han kom heim, fann han byjåla si og ei små gjenta som han sjølv hadde part i heime i farshuset. Ho var ingi jåla lenger, Ester. Ho hadde kjøpt att farsgarden hans og dreiv han for si rekning. Dreiv han godt. Og venta på Svale, som ei Solveig på Peer Gynt. Ein gong måtte han koma.

Soga er litt eventyrleg, med ymse romanknep. Sume av deim kjennest ein grand avaldra, i våre dagar. Og ein kan kje segja at forteljaren syner oss noko større av det som rører seg innanfor vesten på dei som han fortel um, iminsto ikkje soleis lesaren lyt leva med deira indre liv. Men ein ser deim fyre seg, og ein dreg nok kjensel på deim òg, og vert forviten på korleis det lagar seg for deim. Og ein les med hugnad for di ein heile tidi liksom høyrer på ein kar som kan fortelja. Han hev eit mæle som gjeng i fine skiftingar og er godt å lyda på, og han ordlegg seg klokt og klårt, med ord som segjer det dei skal segja og stødt hev ein heimig og koseleg klang. Han er ein smed til å nytta gamle gode ordstev og segjemåtar, som i vissa dei fleste her i Sunnhordland vil kannast med, og som eg tenkjer andre òg hev hugnad av – alle som hev sans for slikt.

Hadde han halde fram med skrivning, og havt den tid som trongst til å få arbeidet velgjort og velflitt frå hand, kan det knapt vera tvil um at han hadde vunne fram til diktarrang i landet.

No ligg «I Sudrage» der som eit einsleg vitnemål um ein givnad som ikkje rakk fram til full vokster. Men det som han hev gjeve i denne boki, er verdfullt for det som det er. For målet si skuld kan ein godt lesa henne upp att, både ein gong og fleire.

Her vil eg gjerne taka med ei liti prøve. Eg vel ei sida som inkje skilseg ut frå hine, korkje i stil eller på onnor vis, - det skulde einast vera at det her ber noko sterkare inn på dagsens brennande spursmål enn elles i forteljingi:

«På hi sida av Vågen, midt for eimbåtsbryggja, reiste fabrikk sine brungråe veggjar upp or flodmålet. Og upp yver det brune stakk ei svart sotut pipa som det stødt rauk or. Men attum hamrar og rantar glytte små verslitne arbeidarhus fram. Dei fleste var låge og umåla. Taket kaka seg tungt og flatt utyver dei låge veggene og såg ut som dei ikkje torde eller ikkje vilde reisa seg i veret. Og soleis som husi såg ut, soleis var folket som budde i dei: tunge, seine, nedkua.

Men var arbeidarhusi små og pjuske, so var fabrikkeigaren, Teodor Aas, sitt so mykje grusare. Som det stod der på ein knaus for seg sjølv, synbert for heile

grendi, såg det ut som eit lite slott. Og Teodor Aas kjente seg som ein liten konge, konge i fabrikkriket sitt. Areidarane hadde alle dagar vore hans undergjevne. Han hadde sett si æra i å hjelpa dei fram, som best det let seg gjera, og dei på si sida hadde set upp til han som ein far.

Men i det siste hadde det vorte skralare og skralare med dette gode samdrættet. Arbeidet gjekk med uhugnad, og lite vart det av det. Arbeidarane stod nok sine timar ved arbeidet, no som fyrr; men den gamle ihugen vanta. Det var liksom det var kome ei ny ånd inn millom dei. Serleg kunde dei unge vera styvne. Det gjekk jamvel so vidt at dei våga kny når det var noko dei aldri so lite mislika. Teodor Aas såg med uro at han heldt på å missa vyrnaden millom sine eigne arbeidsfolk. han furda meir og meir på kva som kunde vera årsak til det, men det var han ei gåta som han inkje fann løysing på.

Det var nok berre ein som kunde ha gjeve han greida på det; menhan tagde. Det var ein ung arbeidar frå byen, som nyleg var komen til fabrikk. - - -»

Eg hev hug til å taka med ei sida til, lenger ute i boki, til døme på kor levande Andreas Agdestein kunde måla:

«Garibaldi» arbeidde seg frametter mot den engelske kanalen. Nordveststormen kvein i mastrer og skorstein, og storsjøane braut stynjande mot stammen. I lange rullingar, i bråe hissige kast gav dei inn mot skipssida, sleikte med våte tungor yver rekkja og sputta skum og salt sjø langt innyver dekk. Men «Garibaldi» stampa imot og ok seg fram lika godt, lyfte sitt svarte skrov på høgste bårerygg, kløyvde seg veg og åt seg fram utan stans. Og yver den vide, voggande, stormpiska flata draus vinternatti glittrande stjer neljos og blankgule månestrålar.

«Garibaldi» var på heimveg; kom frå Millomhavslandi med frukt. Men fyrr det kunde bera heim for godt, sku han innum England og lossa farmen.

Svale Sviland stod i maskinromet og skufla kol, og medan han arbeide, let han tankane leika.

Maskina dura og arbeidde med tunge, utstøde stempelslag. Det rulla og huska, upp og ned, att og fram, og kvar gong atterskipet hov seg på båreryggene, let det ein døyvd dunder frå skruven, som baska i sjøskorpa og la ei kvit skumbraut etter seg. Men Svale ansa ikkje noko, anna arbeidet sitt og sine eigne tankar. Han var komen til tenkja på alle dei barnskne dramane som han hadde teke med seg heimantil .. Han hadde vore heilt i deira vald; vonene hadde båra høgt og bore tankane på ville vidder. I draumane sine var han alltid heppen. Han fann gullklumpar og gullskjerp der ingen hade kome på å leita. - -»

- Når dei trong ein song, eller helst eit fyrekvæde (ein «prolog») til eit møte eller ein fest, so hende det tidt at dei fann vegentil Andreas Agdestein, og han var ikkje tråbeden. Han visste alltid å fletta i hop ålvors tankar og småløgjen skjemt, so fyrekvædet både gav kveik og skapte hugnad i laget, - endå eg tenkjer det var få som sende diktaren ein venleg tanke med takk for vel gjort.

Av og til kom det eit dikt i «Sunnhordland» med merket **A.O.A** under. Det var jamt noko vent og godt i deim. Men det beste trur eg nok var diktet til L a n g e n u e n; stod i bladet det lika etter nyår 1945:

*Han er for det meste ein likande
kar,
frå solrenningsstundi til solauga
glar;
og jamvel um natti han kan vera
fin,
når sjustjerna glimtar og månen
han skin.*

*Då fær han kring herdi
sitt sylvstika nattlin,
og det hev den gjerdi
det braglar og bråskin*

So syner han oss korleis alt skifter let og lag når stormane vaknar og Nuen «spelar upp med ramaste slåtten»:

*Gud hjelpe den mann som på
bårerygg driv
og inkje ser kans til å berga
sitt liv !*

Og diktet endar med detta verset:

*Men ungdom hev drøymt her
og drøymer vel enn
um rett og um rang som full-
vaksne menn.
Og rytmen frå Nuen i stilla og
storm
var med og gav hugmåli farge
og form.*

*Ei moderleg tåra,
eit „Lukka på ferdi!“
So reid han på båra
til møte med verdi.*

- Sjølv kom ikkje Andreas Agdestein so langt «ut i verdi». Men inne seg, i hugsyner og draumar, bar han «rytmen frå Nuen i stilla og storm», so trufast nokon av oss.

Den yttre livssoga hans er snart fortald: Han vart fødd på Agdestein 29 mars 1880. Faren var Ola Bergesen og mori Ingeborg, dotter til Johannes Vatna og Elsa, fødd Kyvik. Elsa var av den gamle klokkar-ætti, som sermerkte seg med songargivnad. Ingeborg var einberne; ho døydde då Andreas var i 12-årsalderen, trur eg. Faren gifte seg uppatt, men ikkje lenge etter flytte Andreas til Vatna, og vel han var vaksen, tok han imot garden etter besten og besto. Garden var i godt stand, og skogen endå betre. Likevel hadde han all sin dag tids nok med å få båten til å bera på skila vis. Utskifting på garden la stein på byrdi, med nybyggjing og anna som fylgjer med. Han var ein seig arbeidskar, men meir drøymar enn drivar, og ingen forretningsmann. Det og treng ein bonde vera i våre dagar, skal han kunna bu seg upp.

Han gjekk på Voss folkehøgskule nokre vintrar. Der fann han kona, Rannveig Seim frå Voss. Dei kom godt av det, og då ho gjekk burt, var det hans største gleda å tenkja på at dei skulde møtast att i den andre heimen. Vissa um at dei det skulde, gjorde avferdsstundi hans lett.

Eldste sonen hev teke mot garden. Umfram han let han etter seg 2 søner og 2 døtrer.

I avskilsstundi som eg hadde samman med han, nemnde han grannane og nokre andre som hadde vore gode med han og gjort honom hugnad. Millom dei andre hugsar eg Jens Hystad og kona og Mikkjel Lønning og hans kona. Eg trur eg gjer rett og etter hans ynskje når eg her sender deim ei takk.

Severin Eskeland

Inført i **Sunnhordland**

Tysdag 11 og Fredag 14 januar 1949

nedtecknat av

Kent O Agdestein Vatna

2006-04-19